

SELSKAPSVEDTEKTER FOR

Samvirkeføretaket ROTSET BARNEHAGE SA

Org.nr. 971 501 065

Vedteke på årsmøte den 23.04.2024



§ 1. FØRETAKSNAMN OG EIGARFORHOLD

Barnehagen er eit samvirkeføretak med namnet Rotset barnehage SA. Rotset barnehage SA har driftsbygning og kontor på Bømarka i Volda kommune.

§ 2. FØREMÅL

Føretaket har som føremål å eige og drive barnehage i Volda til beste for medlemmane og barna deira. Føretaket skal fremje medlemmane sine økonomiske interesser, gjennom deira deltaking i verksemda som kjøparar av barnehagetenester frå føretaket. Føremålet er ikkje kapitalavkastning til medlemmene. Eventuelt årsoverskot skal godskrivas eigenkapitalen i føretaket.

§ 3 MEDLEMSKAP

Føretaket er ope for foreldre/føresette som får tilbod om barnehageplass i barnehagen. Når foreldre/føresette har takka ja til tilbod om barnehageplass, blir dei medlem av føretaket.

Dersom medlemmen mislegheld sine forpliktingar overfor føretaket, kan styret gi medlemmen ei irettesetting eller, i alvorlege tilfelle, ekskludere medlemmen.

Medlemmane skal ikkje betale medlemskontingent eller andelsinnskot. Føretaket er eit eige rettssubjekt med avgrensa ansvar for gjeld. Den einskilde medlemmen har ikkje ansvar for føretaket sine økonomiske forpliktingar.

Føretaket kan bruke elektronisk kommunikasjon når det skal gi meldingar, varsel, informasjon, dokument og liknande etter samvirkelova til medlemmane. Dette

dersom medlemmen tydeleg har godteke det, og det ikkje strir med lov om samvirkeføretak.

Når eit medlem skal gi meldingar eller liknande etter lov om samvirkeføretak, kan medlemmen gjere dette ved hjelp av elektronisk kommunikasjon. Dette til den e-post adressa eller på den måten dagleg leiar eller styret har fastsett til føremålet.

§ 4 UTMELDING

Ein medlem er meldt ut av føretaket samstundes som barnehageplassen vert oppsagt.

§ 5 STYRET

Føretaket skal ha eit styre som skal bestå av ein styreleiar og 3 medlemmar og ein varamedlem. Funksjonstida for styreleiar og dei andre medlemmane er to år. Styreleiar vert valt for to år, uavhengig av om hen er medlem frå før. Varamedlem veljast for eitt år. Styreleiar, styremedlemmar og varamedlemmar kan stille til attval. Dersom medlemmar står på val og ikkje ønsker å stille til attval, kan vara bli fast medlem av styret. Styret skal veljast av årsmøtet. Årsmøtet vel styreleiar ved særskilt val.

Styret konstituerer seg på 1. styremøte om hausten, og vel nestleiar blant sine medlemmar. Sitjande styre sit til 31. juli og nytt styre tek over 1. august kvart år. Gammalt og nytt styre har eit felles overgangsmøte før sommarferien, for å sikre kontinuitet i styrearbeidet.

§ 5.1 Styret sine oppgåver

- Styret er arbeidsgjevar og har dermed arbeidsgjevaransvaret for barnehagen.
- Styret har ansvaret for drifta av barnehagen i samsvar med dei gjeldande lover, vedtekter og årsmøtevedtak. Barnehagens daglege leiar er arbeidsgjevar sin representant i barnehagen.
- Styret kan ta alle avgjersler som ikkje i lova eller vedtektene er lagt til andre organ.
- Styreleiar skal sørge for at styret held møte så ofte som det trengs. Eit styremedlem eller daglig leiar kan kreve at styret møtast for å ta opp bestemte saker.
- Styret skal føre protokoll over styesakene i samsvar med samvirkeoven. -Styret skal sørge for ei forsvarlig organisering av verksemda.
- Styret skal fastsette planar og budsjett for verksemda, og orientere om budsjettet på årsmøtet.
- Styret skal halde seg orientert om føretaket sin økonomiske situasjon, og skal sjå til at det blir ført fullgod kontroll med verksemda, regnskapet og formuesforvaltningen.
- Styret skal godkjenne endring av rekneskapsførar.
- Styret har ansvaret for at rekneskapan saman med styret si beretning leggjast fram for årsmøtet.
- Styret skal setje i verk dei undersøkingane som styret meiner er nødvendig for å kunne utføre sine oppgåver. Styret skal setje i verk slike undersøkingar dersom ein eller fleire av styremedlemmane krev det.

- Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar og verksemda i føretaket for øvrig. Styret bør fastsette instruks for dagleg leiar.
- Styret skal utarbeide ein styreinstruks.

§ 5.2 Styret si arbeidsform

Styreleiar skal sørge for handsaming av aktuelle saker som høyrer inn under styret.

Styremedlemmane og dagleg leiar kan krevje at styret handsamar bestemte saker. Styremøte og annan styrehandsaming skal varslast på hensiktsmessig måte og med nødvendig frist.

Styrehandsaminga vert leia av styreleiar. Deltak verken styreleiar eller nestleiar, vel styret ein leiar for styrehandsaminga. Dagleg leiar har rett til å uttale seg, om ikkje noko anna er bestemt av styret i den enkelte saka.

Styret kan vedta saker når meir enn halvparten av alle styremedlemmane er til stades eller er med på sakshandsaminga. Styret kan likevel ikkje vedta saker utan at alle styremedlemmane så langt det er mogleg har fått høve til å delta i handsaminga av styresaka. Har ein av styremedlemmane meldt forfall, skal ein varamedlem kallast inn.

Ei avgjersle av styret krev at fleirtalet av dei styremedlemmane som deltek i handsaminga av ei sak, har stemt for. Ved stemmelikskap gjeld det som styreleiar har stemt for. Er ikkje styreleiar tilstades, gjeld styreleiarar fullmakt eller det som møteleiar har stemt for. Dei som stemmer for eit vedtak som inneber ei endring, må likevel utgjere minst ein tredjedel av alle styremedlemmane.

Det skal førast protokoll over styrehandsaminga. Protokollen skal minst angi tid og stad, deltakarane, handsamingsmåten og styret sine avgjersler. Styremedlem som ikkje er einig i styret si avgjersle, kan krevje si meining innført i protokollen.

Ved val og tilsetjingar er den som får flest stemmer vald eller tilsett. Styret kan på førehand fastsetje at det skal stemmast på nytt dersom ingen får fleirtal av dei stemmene som er gitt. Står stemmetalet likt ved val av styreleiar eller møteleiar, blir valet avgjort ved loddtrekning. I andre tilfelle der stemmene står likt, gjeld det som møteleiaren har stemt for.

§ 5.3 Godtgjering av styremedlemmar

Styret vert godtgjort etter desse satsane: Leiar 5.000 kr og styremedlemmar 2.000 kr. Godtgjeringa vert utbetalt innan juni kvart år. Vararepresentantar vert godtgjorde etter denne formelen $\text{kr}1000/\text{antal møter i året} \times \text{tal møter representanten har møtt på}$. Ved større prosjekt eller særskild krevjande oppgåver, der styret pålegg medlemmar større oppgåver utover ordinære styreoppgåver, kan styremedlemmar

søkje styret om godtgjersle for dette ekstraarbeidet. Det må leggjast fram dokumentasjon på antal timar, og kva desse er brukte til.

§ 6 DAGLEG LEIAR-STYRAR

Barnehagen sin daglege leiar vert tilsett av styret. Dagleg leiar er barnehagens daglege administrative og pedagogiske leiar, og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter føretaketets forhold er av vesentleg eller uvanleg art.

Dagleg leiar kan elles avgjere ei sak etter fullmakt frå styret i kvart einskild tilfelle, eller når det er til vesentleg ulempe for føretaket å vente på styrevedtak. Dagleg leiar informerer styret om dette så snart som mogleg.

Dagleg leiar skal syte for at føretaket sitt rekneskap er i samsvar med lov og føreskrifter, og at formueforvaltninga er ordna på ein ansvarsfull måte.

Dagleg leiar har ansvar for at barnehagen har eit internkontrollsystem som er i samsvar med gjeldande lover og føreskrifter

Styret kan til ei kvar tid krevje at dagleg leiar gir styret nærare informasjon om bestemte saker. Slik informasjon kan også krevjast av det enkelte styremedlem. Dagleg leiar skal minst kvar fjerde månad, i møte eller skriftleg, gi styret melding om tilstand for føretaket og resultatutvikling.

§ 7 ÅRSMØTE

Årsmøte er føretaket sitt øvste organ. Årsmøte skal haldast innan utgangen av april månad kvart år.

Styret kunngjer skriftleg dato for årsmøte 3 veker i førekant. Forslag til saker frå medlemmane skal meldast skriftleg til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Endeleg dagsorden skal sendast til medlemmane minst 1 veke før årsmøtet. I innkallinga skal det stå sakliste, tid og stad for møtet, samt forslag om vedtektsendringar. På årsmøte kan ein ikkje behandle saker som ikkje er oppført på dagsorden.

Årsmøte vert leia av styreleiaren, eller nestleiar dersom styreleiar ikkje kan møte. Alle medlemmane har møterett til årsmøte. Medlemmane kan vere representert ved fullmakt.

På årsmøte skal det førast protokoll.

§ 7.1 Saker som skal handsamast på årsmøte

Styret føretekk innkalling og fastset saklista som mellom anna skal innehalde:

1. Val av møteleiar, referent og to personar til å underskrive protokollen.
 2. Styrets årsmelding.
 3. Godkjenning av rekneskap og orientering om budsjett.
 4. Val av styremedlemmar. Val av styreleiar.
 5. Eventuelle forslag til vedtektsendringar.
 6. Eventuelt forslag om oppløysing.
 7. Andre saker som er korrekt meldt inn for handsaming.
- Protokollen skal innehalde liste over møtande medlemmar.

§ 7.2 Avstemmingsreglar på årsmøte

Kvart medlem har ei stemme på årsmøte.

Ei avgjersle av årsmøte krev at fleirtalet av dei som deltek i handsaminga av ei sak, har stemt for. Ved stemmelikskap gjeld det som styreleiar har stemt for. Blanke stemmer skal sjåast på som ikkje gjevne. Vedtak om vedtektsendring krev 2/3 fleirtal av dei gjevne stemmene.

Det vert ikkje stilt krav til kor mange med stemmerett som må vere til stades for at årsmøte skal vere beslutningsdyktig. Fullmaktstemmer kan verte gjevne, dersom fullmektigen legg fram skriftleg og datert fullmakt. Ingen kan vere fullmektig for meir enn ein medlem.

§ 7.3 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når enten styreleiar, revisor, eller minst halvparten av styret krev det. Det same gjeld dersom ti prosent av medlemmane krev det og samstundes oppgir kva saker dei ønskjer å ta opp.

Det vert innkalla med 1 veker varsel. Sakspapira skal skildre sakene og gjengi forslag til vedtak. Det skal også informerast om kven som har kravd møtet held.

§ 8 VEDTEKTSENDRING

Vedtak om vedtektsendring krev 2/3 fleirtal av dei gjevne stemmene, med mindre samvirkelova stiller strengare krav.

§ 9 OPPLØYSING OG AVVIKLING

Oppløysing av føretaket kan berre handsamast av årsmøte. Blir oppløysing vedtatt med 2/3 fleirtal av dei frammøtte, vert det innkalla til ekstraordinært årsmøte 1 måned seinare. For at oppløysinga skal skje må vedtaket her gjentakast med 2/3 fleirtal av samtlege medlemmar.

Ved oppløysing skal føretaket si formue etter gjeldsavlegging tilfalle eit ideelt føremål vedteke av siste halde årsmøte.

§ 10 FORHOLDET TIL LOV OM SAMVIRKEFØRETAK (Samvirkelova)

Dersom ikkje noko anna går fram av vedtektene gjeld lov om samvirkeføretak (samvirkeloven) av 29. juni 2007 nr. 81 i punkt 16.

§ 11 IVERKSETTING

Vedtektene blir gjort gjeldande frå 23.04.2024.